

Soknerådsmøte i Moster kyrkje

tysdag 12.01. 2021 kl.19:00.

Desse møtte til nettmøtet: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Marta Fauskanger Ekberg, Per Harald Gjerde, Camilla Rubach, Elin Taranger, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre.

Sak 1 – 2021 Godkjenning av møtebok frå 08.12.20 og innkalling.

Innkalling og møtebok godkjend

Sak 2 – 2021 Oppfylging av tidlegare saker.

Temakveldar:

21.januar, lese Lukasevangeliet – leiing av kvelden og gjennomføring. Påmelding.

Vedtak: Samlinga vert utsett inn til vidare.

Flaumlys må ordnast, og må først høgt opp på skjemaet for behov.

Rune kontaktar nokre lokale elektrikarar for å få ein oversikt.

Kort evaluering av arrangement i jula. Open kyrkje fungerte rimeleg greitt. Varierende oppmøte på dei ulike dagane.

Montering av kamera og anna utstyr for strøyming frå Moster kyrkje: Saka vert utsett til april.

Sak 3 – 2021 Årsmeldinga.

Me gjekk gjennom forslag til årsmelding for 2020. v. Aksel

Vedtak: Forslag til årsmelding vart vedtatt. Årsmeldinga vert ferdigstilt på møtet i februar.

Sak 4 – 2020 Balanse i rekneskap – overføring mellom konti.

Elin orienterte.

Vedtak: Saka er utsett til neste møte grunna manglande datagrunnlag.

Sak 5 – 2021 Frivilligprisen i samband med prostens nyårsmottaking.

Vårt forslag til prisvinnar vart ikkje vedteke i prostirådet.

Vedtak: Moster sokneråd fremjar igjen sitt forslag til vinnar for neste kåring.

Sak 6 – 2021 Redaktør og komité for jubileumsskrift i samband med at Moster kyrkje vert 150 år i 2024.

AU orienterte

Vedtak: Er i prosess for å finne redaktør

Sak 7 – 2020 Referat og meldingar

Sak 87 om dårleg lukt: Synfaringar er blitt gjort. Sannsynleg vasslås som vert uttørka.

Sak 98 om takkeannonse i Bømlø Nytt

Kyrkjemusikalsk utval. Sjå vedlagte referat.

Orgelkomiteen

Frå fellesrådet og administrasjonen

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Soknerådet vedtek at eventuelle konsertar ikkje vert lagt på våren p.g.a. koronaen.

Sak 8 – 2021: Ymse

Ingen nye saker.

Per Harald Gjerde

Skrivar